

Vil fleire søkja kulturstipend?

19.11.2008

Hans Christian Bringedal Tveit frå Uskedalen har nyleg søkt Kvinnherad kulturstipend, men han er førebels den einaste søkjaren og kulturkontoret ønskjer fleire.



Mona Vetthus har fått stipendet

Tidlegare har to uskedelingar fått dette stipendet – det er Gjermund Fredheim og Mona Vetthus.



Gjermund Fredheim har fått stipendet

Fagkoordinator Sissel Lillebø Aarseth opplyser til uskedalen.no at stipendet vart lyst ut med 27. oktober som søknadsfrist, men når dei har fått berre ein søkjar er det lite når dei har to-tre stipend å dela ut.



Hans Christian Bringedal Tveit har søkt stipendet.

No er søknadsfristen utvida til 1. desember og ein håpar på fleire søkjarar. Aarseth veit at det er mange kvinnheringar "der ute" som utdannar seg eller arbeider innan kultursektoren og som kan vera aktuelle søkjarar.

Tidlegare er dette stipendet delt ut to gonger – i 2006 og 2007. I 2006 fekk Mona Vetthus, Camilla Fonneland og Kari Malmanger det, medan Gjermund Fredheim og Cato Løland fekk det i fjor.

Stipendet kan nyttast til utdanning eller ymse prosjekt som ein ønskjer å få gjennomført.

Av Ola Matti Mathisen